



SAR AS avd. Florø tankanlegg
Postboks 428 Fjordbasen
6901 Florø

Saksbehandlar, innvalstelefon
Toril M Mullen, 5764 31277

Rapport etter tilsyn hos SAR AS avd. Florø - tankanlegget

Kontrollnummer: 2024.123.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 6. mai 2024 hos SAR AS avd. Florø ved tankanlegget på Fjordbase (organisasjonsnummer: 972 117 234).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har ikkje oljeutskiljar eller annan tilsvarande reinseeining før overflatevatn vert sleppt til vassresipient
- Avvik 2: Verksemda har manglar i internkontrollen

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

SAR AS avd. Florø – tankanlegg - må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 1. november 2024. Gjennomføring av tiltaka kan bli følgd opp med nytt tilsyn.

Statsforvaltaren gav ingen merknader

Vi påpeika ingen merknader.

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.



De må betale gebyr

SAR AS avd. Florø, tankanlegget på Fjordbase, må betale eit gebyr på 31 200,- kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med 2019/2969.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Verksemda har ikkje oljeutskiljar eller annan tilsvarande reinseeining før overflatevatn vert sleppt til vassresipient

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Avfallsforskrifta kap. 11, vedlegg 4, punkt 3 oljeutskiller
- Løyvet datert 23.2.2024 punkt 3.1.1

Om krava

Jamfør avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 4 punkt 3, oljeutskiller: «Ved utslipp av overflatevann skal dette ledes gjennom oljeutskiller eller annen tilsvarande reinseinretning før det slippes ut til vannresipient eller avløpsnett i tråd med tillatelse.»

Observasjon på tilsynet og vår vurdering

Verksemda har ikkje ein oljeutskiljar eller annan tilsvarande reinseinretning før overflatevatn som er samla opp i oppsamlingsarrangementet rundt tankparken vert drenert til sjø.

Avvik 2: Verksemda har manglar i internkontrollen

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Internkontrollforskrifta § 5, punkt 7

Om krava

Verksemda skal iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtreding av krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevninga.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Under kontrollen fann vi at verksemda har praktiske rutiner for oppsamling av eventuelt søl og spill, men at desse ikkje er skriftlege.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at SAR AS avd. Florø må betale eit gebyr på 31 200,- kr for tilsynet. Dette svarar til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.



Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 6. mai 2024 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunnjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet vart gjennomført som ein del av den nasjonale tilsynsaksjonen retta mot anlegg som tek imot og mellomlagrar farleg avfall. Aksjonen er ei oppfølging av tidlegare tilsvarande aksjonar, sist i 2018. Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Toril M Mullen
- Ingrid Torsnes

Kontaktperson hjå verksemda:

- Rune Blom

Anlegg

Følgjande anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- SAR AS avd. Florø – tanklagring av farleg avfall

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- mottakskontroll av avfall
- lagring og merking av farleg avfall
- vidarelevering av farleg avfall
- utslepp til vatn
- internkontroll, inkl. risikovurdering og avviksbehandling

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- eigenkontrollrapportar
- avfallsdeklarering



Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Løyvet til verksemda vart oppdatert 23.2.2024. I løyvet står det at verksemda sin tanklagringspark er tilknytta ein oljeutskiljar. Vidare i løyvet står det at verksemda framleis må sikre at oljeutskiljar som anlegget er knytta til ivaretek overvatn på ein tilfredsstillande måte, og er innanfor utsleppsgrensene i tabell 3.1.1.

Vi har fått tilbakemelding frå verksemda på at det ikkje er oljeutskiljar tilknytta tankparken til SAR sitt tankanlegg på Fjordbase i epost 12.3.2024. Rutinene til verksemda før drenering av regnvatn som har samla seg i oppsamlingsarrangementet der tankane står er visuell kontroll og kontroll av pH.

Vi viser til avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 4 punkt 3: «Ved utslipp av overflatevann skal dette ledes gjennom oljeutskiller eller annen tilsvarende reinseinnetning før det slippes ut til vannresipient eller avløpsnett i tråd med tillatelse».

Tankanlegget til SAR AS avd. Florø har verken oljeutskiljar, eller anna tilsvarende reinseinnetning før overflatevatn vert sleppt ut til resipient.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentlig

Denne rapporten vil vere offentlig tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentliglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Toril M Mulen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent